



Saksbehandlar: Vegard Bang

Kommunedirektør: Yngve Folven Bergesen

Saksnr.	Utval	Møtedato
072/22	Formannskapet	08.11.2022
020/22	Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting	17.11.2022
016/22	Ungdomsråd	17.11.2022
011/22	Integreringsrådet	17.11.2022
043/22	Utval for oppvekst og omsorg	21.11.2022
034/22	Utval for drift, utvikling og kultur	21.11.2022
082/22	Formannskapet	22.11.2022
	Kommunestyret	
015/22	Administrasjonsutvalet	08.11.2022

## Budsjett 2023 og økonomiplan 2023–2026

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett for 2023 og økonomiplan for 2023-2026 i tråd med vedlagte økonomiske oversikter og verbalvedtak med endringar frå felles budsjettframlegg lagt fram i formannskapet.

2. Framlegg til netto driftsrammer pr. rammeområde i 2023 vert vedtekne, jf. § 5-4 sum løyvingsoversikt drift, netto (1B) slik:

- a. Administrasjon og fellesdrift: kr 57 511 511
- b. Oppvekst og kultur: kr 242 908 691
- c. Helse og omsorg: kr 292 311 323
- d. Forvaltning, drift og utvikling: kr 54 867 531

3. Framlegg til investeringsbudsjett vert vedteke per prosjekt, jf. §5-5 løyvingsoversikter investering (2A og 2B)

4. Framlegg til mål, tiltak og oppdrag vert vedtekne slik dei går fram av budsjett og økonomiplan.

5. Kommunestyret vedtek låneporteføljen til Vindafjord kommune slik den går fram av vedlagt gjeldsoversikt, og godkjenner følgjande nye låneopptak og refinansieringar i 2023 for Vindafjord kommune:

- a. Kr 43 053 000 til finansiering av investeringsbudsjettet.
- b. Kr 12 000 000 frå Husbanken til vidare utlån.
- c. I tillegg til vedtekne låneopptak har Vindafjord kommune ein trekkrett på inntil 20 mill. kr i samsvar med inngått bankavtale.
- d. Alle lån i porteføljen kan verta refinansiert i inneverande år og budsjettåret 2023. Kommunedirektøren står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei låna han finn formålstenleg, uavhengig av opphavleg vedtak.

6. Kommunestyret vedtek satsar og gebyr for kommunale tenester i 2023 i tråd framlegg til gebyrliste.  
7. Kommunestyret vedtek at skatt på inntekt og formue for 2023 vert utskriven i samsvar med det høgaste skattøyre som Stortinget vedtar.  
8. Kommunestyret vedtek at det skal krevjast eigedomsskatt for alle faste eigedomar i Vindafjord kommune i 2023, jf. eigedomsskattelova (ekstl.) § 3 bokstav a.

- a. Den generelle skattesatsen som skal gjelde for skattepliktige eigedomar vert sett til 4,75 promille, jf. ekstl. § 13.
- b. For bustader og fritidseigedomar vert satsen sett til 4 promille, jf. ekstl. § 12a.
- c. For utskriving av skatt på bustadeigedomar nyttar kommunen Skatteetaten sitt formuegrunnlag der dette er fastsett, jf. ekstl. § 8 C-1.
- d. For eigedommar tidlegare definert som verk og bruk skal det skrivast ut skatt på eit særskilt skattegrunnlag som følgje av at produksjonsutstyr og –installasjonar ikkje skal takast med i takstgrunnlaget. Det særskilte skattegrunnlaget er differansen mellom ny takst for objekta frå 2019 og skattegrunnlaget i 2018. Grunnlaget skal i 2022 vere redusert med fire sjuandedelar (jf. overgangsregel til ekstl. §§ 3 og 4 første punktum). Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget skal vere 7 promille.
- e. Med heimel i ekstl. § 7 a og b, vert eigedommar åt stiftingar og institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten, samt bygningar med historisk verdi, friteke frå eigedomsskatt etter vedlagt fritaksliste. Andre eigedommar som er eigd av stiftingar eller institusjonar vil bli vurdert fritatt av kommunestyret på grunnlag av søknad.
- f. Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar, jf. ekstl. § 25.

#### **Administrasjonsutvalet 08.11.2022:**

##### **Behandling:**

Saka vert samrøystes tatt til orientering

##### **ADMU- 015/22 Vedtak:**

Saka vert tatt til orientering

#### **Formannskapet 08.11.2022:**

##### **Behandling:**

##### **FS- 072/22 Vedtak:**

Samla formannskap tok saka til orinetring.

#### **Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting 17.11.2022:**

##### **Behandling:**

Eit samla REF tok saka til orientering og støtta forslaget til uttale til budsjett 2023 og økonomiplan 2023 - 2026.

##### **REF- 020/22 Vedtak:**

##### **Utale frå Rådet for eldre og personar med funksjonsnedsetting:**

Rådet for eldre og personar med funksjonsnedsetting tar kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 til orientering.

I Vindafjord vil det vera ei auke av eldre framover. Kommunen må leggja tilrette for det og omstilla sine tenestar i takt med endring. Det vil bli behov for meir heimebaserte tenestar, bruk

av velferdsteknologiske løysingar og kvardagsrehabilitering. Ein må leggja til rette for at generasjonar kan møte einanna og ha meningsfulle aktivitetar i alle bygdene både for heimeboande eldre og beboare på sjukeheim og omsorgsboligar/trygdeboligar. Det er og viktig å sjå dei pårørande sitt arbeid og ta dei med på råd i behov for hjelp og tenestar.

Det må vera ein inkluderande kommune. Bygg, annlegg og aktivitetar bør vera tilrettelagt og tilgjengelige for alle. Universell utforming må vera eit prioritert punkt i saker vedrørande vedlikehald, utbedring og nybygg i kommunen. Bustadsosial handlingsplan er eit viktig verktøy for å planleggja og tilpassa dette for eldre og personar med funksjonsnedsetting.

Det bekymrar at det i Oppvekst er redusert i ramma for ekstraressursar lærar/assistent. Tidleg innsats og hjelp for elevar med ekstrabehov kan redusera vanskar og utviklande behov seinare. For dei elevar som har rett til ekstraressursar i skulen ifht §5 går det ofte mange år frå vanskar og ekstrabehov oppstår til ferdig utredning og diagnose gir lovpålagt rett. Det er da i tidleg fase viktig at det er nok ressursar i skulen, i klassen og i friminutta.

Taksthefte ved praktisk bistand gir differensierte prisar ifht nettoinntekt. Rådet støttar den vurdering. Det er for mange med låg inntekt og minstepensjon ei utfordring nå med å få økonomien til å gå rundt. Stor kostnadsauke og prisutvikling, sær på straum, transport, renter, matvarer og nødvendige helseartiklar er utfordrande.

Taksthefte er generelt auka med 3,5-4 %. Ein stussar då på at middagslevering til heimebuande er auka med 7 % frå 140,- til 150,- pr. Denne posten i taksthefte har over tid auka mykje ifht andre tenestar og kan vera for høg for at heimebuande personar med minstepensjon og låg nettoinntekt kan nytte seg av dette. Tilsvarende så har aktivitetstilbud/dagsenter som inkluderar blant anna transport og middag auka med 4 %.

Rådet meiner at Kvalitetsreforma for eldre «Leva heile livet» er viktig for å forbedra og utvikla tenestar til dei over 65 år i kommunen i åra framover.

I investeringsbudsjettet er det lagt inn midlar til oppgradering og nødvendige ombygningar av kommunale bustader som Skjoldali og Sandeid Bufellesskap. Rådet meiner at mange kommunale trygdebustader bærer preg av manglande vedlikehald og behov for oppgradering framover.

#### **Integreringsrådet 17.11.2022:**

##### **Behandling:**

##### **VIR- 011/22 Vedtak:**

Samla integreringsråd tok saka til orientering.

#### **Ungdomsråd 17.11.2022:**

##### **Behandling:**

Forslag til uttale frå eit samla ungdomsråd vart lagt fram i møte.

Samla ungdomsråd støtta uttalen til budsjett 2023 og økonomiplan 2023 -2026

##### **VUR- 016/22 Vedtak:**

Ungdomsrådet viser til tidlegare uttale i barnehage- og skulebrukssaken. Me ser på forslaget til budsjett som går ut på å redusere med 3 årsverk for hjelpepersonell under oppvekst, som ein direkte konsekvens på skolestrukturen som blei vedtatt i kommunestyret. Ungdomsrådet meiner

at vårt alternative forslag om skulestruktur, ville skapt bedre forutsetningar for å behalde desse stillingane. Me ser det som bekymringsverdig at kommunestyrets nylig vedtatte skulestruktur skal gå på bekostning av utdanningstilbudet, og vil rå til å høyre meir på ungdommen neste gong!

#### **Utval for oppvekst og omsorg 21.11.2022:**

##### **Behandling:**

Forslag frå Steinar Skartland (KRF) til vedtak i OPOM, foreslått av Steinar Skartland, Kristeleg Folkeparti

OPOM tek framlegget frå kommunedirektøren til orientering, då framlegg frå partia til endringar vil bli lagt fram i Formannskapet.

##### Votering:

Steinar Skartland, Krf, sitt forslag til vedtak vart sett opp mot kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Forslaget frå Krf samrøystes vedtatt.

#### **OPOM- 043/22 Vedtak:**

OPOM tek framlegget frå kommunedirektøren til orientering, då framlegg frå partia til endringar vil bli lagt fram i Formannskapet.

#### **Utval for drift, utvikling og kultur 21.11.2022:**

##### **Behandling:**

#### **DUK- 034/22 Vedtak:**

DUK tar samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak til orientering.

#### **Formannskapet 22.11.2022:**

##### **Behandling:**

Felles framlegg til budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 frå SP-AP-KrF-SV-MDG (uavhengig) lagt fram ved varaordførar Gustav Løge Fosse, Krf

[https://pub.framsikt.net/2023/vindafjord/ps-2023-felles\\_budsjettframlegg\\_sp-ap-krf-sv-bb/#/polsim/politicalsimulation/](https://pub.framsikt.net/2023/vindafjord/ps-2023-felles_budsjettframlegg_sp-ap-krf-sv-bb/#/polsim/politicalsimulation/)

Høgre sitt framlegg til budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026, lagt fram ved repr Therese Nesheim:

[https://pub.framsikt.net/2023/vindafjord/ps-2023-hogre\\_sitt\\_framlegg\\_til\\_budsjett\\_2023\\_og\\_ekonomipl/#/polsim/politicalsimulation/](https://pub.framsikt.net/2023/vindafjord/ps-2023-hogre_sitt_framlegg_til_budsjett_2023_og_ekonomipl/#/polsim/politicalsimulation/)

Frp sitt framlegg til budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026, lagt fram ved repr Årvik:

<https://pub.framsikt.net/2023/vindafjord/ps-2023-frp/#/polsim/politicalsimulation/>

##### **Votering:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak: 0 røyster

Frp sitt forslag til vedtak: 1 røyst. Repr Årvik røysta for.

Høgre sitt forslag til vedtak: 2 røyster. Repr Nesheim og Opheim røysta for.

Felles forslag til vedtak frå Sp, Ap, Krf, SV og Uavhengig:

6 røyster for. Repr frå H og Frp røysta i mot.

Fellesforslaget vidare som tilråding til kommunestyret.

### **FS- 082/22 Vedtak:**

Tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett for 2023 og økonomiplan for 2023-2026 i tråd med vedlagte økonomiske oversikter og verbalvedtak med endringar frå felles budsjettframlegg lagt fram i formannskapet.

2. Framlegg til netto driftsrammer pr. rammeområde i 2023 vert vedtekne, jf. § 5-4 sum løyvingsoversikt drift, netto (1B) slik:

- |                                     |                |
|-------------------------------------|----------------|
| a. Administrasjon og fellesdrift:   | kr 57 511 511  |
| b. Oppvekst og kultur:              | kr 243 708 691 |
| c. Helse og omsorg:                 | kr 291 311 323 |
| d. Forvaltning, drift og utvikling: | kr 54 867 531  |

3. Framlegg til investeringsbudsjett vert vedteke per prosjekt, jf. §5-5 løyvingsoversikter investering (2A og 2B)

4. Framlegg til mål, tiltak og oppdrag vert vedtekne slik dei går fram av budsjett og økonomiplan.

5. Kommunestyret vedtek låneporteføljen til Vindafjord kommune slik den går fram av vedlagt gjeldsoversikt, og godkjenner følgjande nye låneopptak og refinansieringar i 2023 for Vindafjord kommune:

- Kr 43 053 000 til finansiering av investeringsbudsjettet.
- Kr 12 000 000 frå Husbanken til vidare utlån.
- I tillegg til vedtekne låneopptak har Vindafjord kommune ein trekkrett på inntil 20 mill. kr i samsvar med inngått bankavtale.
- Alle lån i porteføljen kan verta refinansiert i inneverande år og budsjettåret 2023. Kommunedirektøren står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei låna han finn formålstenleg, uavhengig av opphavleg vedtak.

6. Kommunestyret vedtek satsar og gebyr for kommunale tenester i 2023 i tråd framlegg til gebyrliste.

7. Kommunestyret vedtek at skatt på inntekt og formue for 2023 vert utskreven i samsvar med det høgaste skattøyre som Stortinget vedtar.

8. Kommunestyret vedtek at det skal krevjast eigedomsskatt for alle faste eigedomar i Vindafjord kommune i 2023, jf. eigedomsskattelova (ekstl.) § 3 bokstav a.

- Den generelle skattesatsen som skal gjelde for skattepliktige eigedomar vert sett til 5 promille, jf. ekstl. § 13.
- For bustader og fritidseigedomar vert satsen sett til 4 promille, jf. ekstl. § 12a.
- For utskrivning av skatt på bustadeigedomar nyttar kommunen Skatteetaten sitt formuegrunnlag der dette er fastsett, jf. ekstl. § 8 C-1.
- For eigedommar tidlegare definert som verk og bruk skal det skrivast ut skatt på eit særskilt skattegrunnlag som følgje av at produksjonsutstyr og –installasjonar ikkje skal takast med i takstgrunnlaget. Det særskilte skattegrunnlaget er differansen mellom ny takst for objekta frå 2019 og skattegrunnlaget i 2018. Grunnlaget skal i 2022 vere redusert med fire sjuandedelar (jf. overgangsregel til ekstl. §§ 3 og 4 første punktum). Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget skal vere 7 promille.
- Med heimel i ekstl. § 7 a og b, vert eigedommar åt stiftingar og institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten, samt bygningar med historisk verdi, friteke frå eigedomsskatt etter vedlagt fritaksliste. Andre eigedommar som er eigd av stiftingar eller institusjonar vil bli vurdert fritatt av kommunestyret på grunnlag av søknad.
- Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar, jf. ekstl. § 25.

[https://pub.framsikt.net/2023/vindafjord/ps-2023-felles\\_budsjettframlegg\\_sp-ap-krf-sv-bb/#/polsim/politicalsimulation/](https://pub.framsikt.net/2023/vindafjord/ps-2023-felles_budsjettframlegg_sp-ap-krf-sv-bb/#/polsim/politicalsimulation/)

## Saksutgreiing

### Samandrag

Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2023 er i stor grad ei vidareføring av gjeldande økonomiplan, med konsekvensjusteringar som følgje av lønns- og prisvekst og oppgåveendringar foreslått i Statsbudsjettet for 2023. Budsjettet for 2023 inneberer ein reduksjon i ramma for oppvekst og kultur, i tråd med føringane frå økonomiplan 2022-2025. I 2023 vert ramma til kommunen stramare, marginane i budsjettet blir mindre og risikoen aukar. Saldert budsjett visert eit netto driftsresultat på 0,27 % i 2023, langt under det finansielle måltalet til kommunen på 1,75 %. I økonomiplanperioden blir ikkje ramma spesielt mykje betre. Det vil bli krevjande å tilpasse seg lågare rammar og samstundes styrke botnlinja opp mot måltalet.

### Bakgrunn for saka

Kommunestyret skal innan utgangen av kvart år vedta budsjett for neste år og økonomiplan for den kommande fire-årsperioden, jf. kommunelova §14-3. Kommunestyret skal vidare fastsette endringar i gebyr, avgifter, kontingenter og eigenbetalingar årleg gjennom taksthefte, jf. pkt. 10 i Økonomireglement for Vindafjord kommune.

### Saks- og faktaopplysningar

Kommunedirektøren legg med dette fram årsbudsjett for 2022 og økonomiplan for 2022- 2025 og forslag til kommunale takstar i 2022. Framlegget er i utgangspunktet digitalt og publisert på nett på:

[https://pub.framsikt.net/2023/vindafjord/bm-2023-budsjett\\_2023\\_øp\\_2023-2026\\_kd-forslag/](https://pub.framsikt.net/2023/vindafjord/bm-2023-budsjett_2023_øp_2023-2026_kd-forslag/)

Vedlagt saka følgjer eit skriftleg uttrekk av det nett-publiserte framlegget.

### Økonomiplan og årsbudsjett

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vere realistisk, fullstendig, oversiktleg og vedtakast på grunnlag av dei inntekter og utgifter som kommunen kan forvente. Både økonomiplanen og årsbudsjettet skal delast i ein driftsdel og ein investeringsdel. Driftsresultatet skal som eit minimum dekkje renter, avdrag og nødvendige avsetningar. Vedtaket om årsbudsjett skal og vise kor mykje lån som skal takast opp i budsjettåret. I samsvar med kommunelova § 14-4 skal økonomiplan og årsbudsjett vise

- korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp
- kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei måla premissa som økonomiplanen og budsjett byggjer på
- utviklinga i kommunen sin økonomi og lånegjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar

Kommunestyret har i tillegg vedteke lokale økonomiske handlingsreglar, finansielle måltal, som skal vere retningsgivande for kommunen si økonomistyring og bidra til ei forsvarleg langsiktig økonomisk utvikling. Kommunen sine finansielle måltal er:

1. Netto driftsresultat bør utgjere minimum 1,75 prosent av brutto driftsinntekter.
2. Netto lånegjeld bør utgjere maksimalt 80 % av brutto driftsinntekter.
3. Disposisjonsfond bør utgjere minimum 7,5 % av brutto driftsinntekter.

### Gebyrliste/taksthefte

Framlegg til takstar for kommunale varer og tenester i Vindafjord kommune for 2023 tek

utgangspunkt i taksthefte for 2022. Grunnlaget for fastsetting av dei ulike takstane varierer. Ein del takstar blir fastsette sentralt, og blir oppdaterte fortløpande. Ofte blir desse fastsette rundt årsskiftet. Dette gjeld typisk takstar innan helse- og sosialomsorg, skjenkeløyve, innkrevjing og eigarseksjonering. Desse vil bli oppdatert når dei er klare frå sentralt hald. Takstar innan VAR-området (vatn, avløp, slamtømming, feiing og renovasjon) er sett ut frå prinsippet om sjølvkost og i tråd med lokale forskrifter. HIM (Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS) har ansvar for renovasjon og slamtømming inkludert fakturering, og skal utarbeida forslag til likt gebyrregulativ i alle eigarkommunane. Haugaland brann og redning IKS (HBR) har ansvaret for utføring av feiing, men kommunane sender sjølv faktura og må sjølv rekne inn inndekning for sine kostnader.

Kommunedirektøren har gjennomført to drøftingsmøter med dei tillitsvalte i prosessen mot ferdigstilling av budsjett. Gjennomføringa av tiltaka vil skje i tett kontakt med dei tillitsvalte.

### **Innkomne merknadar/uttale frå partar**

Fellesrådet og kontrollutvalet har sendt inn forslag til budsjett for sine områder i 2023, desse er vedlagt saka. I kommunedirektøren sitt framlegg er kommunen si overføring til fellesrådet delvis auka. Kontrollutvalet sitt framlegg er innarbeidd i kommunedirektøren sitt forslag.

I tillegg har Frilager Haugalandet og Ølen og Bjoa sokneråd sendt inn søknadar om støtte som er vedlagt saka. Innspelet frå Frilager Haugalandet er delvis innarbeidd i budsjettframlegget.

### **Vurdering**

Kommunen har dei siste åra stått i ein utfordrande økonomisk situasjon, der den underliggjande drifta har gått langt utover tildelte rammer. Samstundes har koronapandemien påverka både drifta og økonomien til kommunen. Det samla resultatet for kommunen har likevel blitt bra, mykje på grunn av relativt store positive budsjettavvik frå skatt og finans. Det har vist at det er ei krevjande budsjettøving å balansere mellom kravet til realisme og å ta stor nok høgde for risikoen som er knytt til dei fleste av kommunen sine budsjettpostar. Dette har vore ekstra tydeleg i løpet av 2022, der den ekstraordinære prisveksten og då spesielt frå straum saman med eit kraftig auka rente auka kommunen sine utgifter mykje på veldig kort tid. Samstundes har endringar i reglane for utbytteskatt gjort at skatteinngangen i 2022 blir mykje høgare enn budsjettert både for landet og kommunen.

Kommunedirektøren har i dei siste budsjettframlegga peikt på at dei økonomiske rammevilkåra vil bli stramare gjennom nedtrapping av inndelingstilskotet og reduksjonen i skjønstilskotet. 2023 er nest siste åra kommunen får inndelingstilskot. Nedtrappinga av desse tilskota vil krevje både innsparingar og strukturelle grep utover i økonomiplanperioden.

Budsjettframlegget for 2023 er i all hovudsak ei vidareføring av gjeldande økonomiplan, med konsekvensjusteringar som følgje av lønns- og prisvekst, renteauken og oppgåveendringar foreslått i Statsbudsjettet for 2023. Dei store innsparingane innan oppvekst og kultur som blei vedtatt i økonomiplanen for 2022 til 2025 vidareført. Det er foreslått eit par tiltak for å dekke denne innsparinga, men kravet er ikkje fullt ut innfridd og dette er ei utfordring som må løysast framover. I sum vert ramma til kommunen stramare i 2023, det betyr at marginane i budsjettet blir mindre og risikoen aukar.

Brutto investeringar i kommunedirektøren sitt framlegg er omlag 358,6 millionar. Av desse er 288,7 millionar ikkje-avgiftsfinansierte investeringar som kommunen må finansiere sjølv. Resten, 69,9 millionar til i investeringar i vatn og avlaup, vert finansiert gjennom kommunale gebyr og belastar ikkje den kommunale drifta direkte. Det største enkeltprosjektet er Vindafjordhallen med kr 148 millionar brutto. Heldt saman med det auka rentenivået me har sett i løpet av 2022 vil investeringane i økonomiplanperioden krevje ein større del av driftsmidlane.

Økonomiplanen vert lagt fram med netto driftsresultat under tilrådd nivå i alle fire åra, netto driftsresultat som varierer mellom 0,27 og 0,46 % i økonomiplanperioden. Saman med utfordringane rammeområda har hatt dei siste åra og den store usikkerheita i fleire føresetnadar må risikoen for negative resultat i løpet av økonomiplanperioden vurderast som ganske stor. Kommunen har relativt gode reserverar i balansen, og lgg tilsynelatande høgt over måлтаlet. Men ein stor del av desse er knytt til framtidige pensjonskostnadar. Justert for dette er ein omlaget på måлтаlet, og situasjonen vil fort snu seg om det blir fleire dårlege år på rad. Netto lånegjeld vil nærmare seg grensa på 80 % av brutto driftsinntekter i slutten av økonomiplanperioden (under føresetnad at alle ubrukte lånemidlar vil bli nytta).

### Gebyrliste/Taksthefte

Generelt er det lagt til ei auke i takstane på 3,7 %, som er det same som forventa pris- og lønnsvekst (deflator) i Statsbudsjettet for 2023 og som reflekterer den faktiske kostnadsauken i kommunen sin tenesteproduksjon. Avrundingar gir noko andre prosentlar for nokre prisar. Elles er det gjort nokre mindre tilpassingar for einskilde gebyr.

Gebyr for vatn og avlaup og feiing tek er rekna ut etter sjølvkost. Vatn og avlaup vil få ein stor auke, høvesvis 27,7 og 23,8 % for eit normalgebyr på 175 m<sup>3</sup>. Bakgrunnen for auken er ei kraftig auke i kalkylerenta og at sjølvkostfonda snart er tomme.

### Klimabudsjett

I 2023 legg Vindafjord kommune før andre gang fram eit eige klimabudsjett som ein del av det samla framlegget til budsjett- og økonomiplan. Klimabudsjettet skal fungere som eit styringsverktøy og ein synleggjering av det klimaarbeidet som gjerast i Vindafjord kommune. Mål og strategiar for vårt klima- og miljøarbeid skal settast i kommuneplanen

Klimabudsjettering er eit nybrottsarbeid for administrasjonen, og intensjonen er å vidareutvikle og forbetre klimabudsjettet år for år. Det blei ikkje lagt inn nye ressursar for 2022 til å følgje opp dette arbeidet, så nytt budsjett er i stor grad ei vidareføring av budsjettet for 2022.

### **Kommunedirektøren sin konklusjon**

Vindafjord kommune er inne i ei tid med trongare økonomiske rammer, og må tilpasse drifta til dette. Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2023 er i stor grad ei vidareføring av gjeldande økonomiplan, med konsekvensjusteringar som følgje av lønns- og prisvekst og oppgåveendingar foreslått i Statsbudsjettet for 2023. I 2023 vert ramma til kommunen betrakteleg stramare, det betyr at marginane i budsjettet blir mindre og risikoen aukar.

### **Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.**

[Kommunelova, kapitel 14](#)

[Økonomireglement for Vindafjord kommune](#)

[Forskrift om gebyr for gjennomføring av feiing og tilsyn i brannobjekt med fyringsanlegg, Vindafjord kommune, Rogaland](#)

[Forskrift om vass- og avlaupsgebyr, Vindafjord kommune, Rogaland](#)

[Forskrift om handtering av hushaldsavfall, Bokn, Etne, Haugesund, Tysvær og Vindafjord kommunar, Rogaland og Hordaland](#)

### **Vedlegg:**

Budsjett 2023 Økonomiplan 2023-2026 Tekstutgåve frå Framsikt

Liste over fritak etter esktl. § 7 a og b i Vindafjord kommune for eigedomsskatteåret 2023

Gjeldsoversikt Vindafjord kommune per 30.09.22

Budsjettframlegg 2023 frå Vindafjord kyrkjelege fellesråd

Orientering om fordeling av skjønnsramma for 2023



Kontrollutvalet si innstilling til budsjett for 2023

Særutskrift sak 26-22

Sak 26-22

Jubileumsbok for Ølen kyrkje på komande budsjett

Budsjett 2023 Vindafjord kommune